

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK
Postboks 2076
3103 TØNSBERG

Dato: 03.12.2025
Vår referanse: 2022/210-270
Sakshandsamar: Turid Opsund

Framlegg til endringar i kommuneplanens arealdel for å løyse motsegna frå Statsforvaltaren

Syner til brev frå dykk, motteke 29.08.2025, med svar på høyring og offentlig ettersyn av framlegg til ny arealdel i kommuneplanen for Vinje kommune og dialogmøte for å diskutere motsegna 29.09.2025. Dette brevet tar for seg motsegna som er fremja til planen. Eventuelle planfaglege råd vil kommune arbeide vidare med seinare i prosessen.

Statsforvaltaren har motsegn til fylgjande punkt:

- B5 Rauland – omsyn til klima
- FTU4 Haukeliseter – omsyn til villrein

Kommentar til område B5 på Rauland:

Statsforvaltaren har fremja motsegn med bakgrunn i omsynet til klima, fordi delar av arealet som er sett av til bustadføremaal er registrert som myr i AR5. Statsforvaltaren har i sitt brev skissert fylgjande løysing for å løyse motsegna:

Motsegna kan løysast ved at areal som er registrert som djupmyr innafor område B5 blir teke ut av planforslaget, og endra til LNF-formål. Miljødirektøren vil også be om at det blir satt av ei større buffersone mot myrareala mot nord. Miljødirektøren legg til grunn at tilkomst til bustadfeltet blir løyst utafor myrområda når det blir laga ein reguleringsplan for området.

Kommunen ynskjer ikkje å justere på arealføremalet i kartet, men føresegnene er stramma inn. Årsaka til at kommunen ynskjer å løyse motsegna slik er at kommunen meiner dette sikrar arealet som er myr og dens funksjon endå betre enn å berre ta arealet ut av plankartet. Dette er grunngjeve i vedlagt notat.

Framlegg til revidert føresegner pkt 1.8:

- c) Inngrep i myr og andre våtmarksområde er forbode dersom tiltaket fører til vesentleg skade på areala si økologiske funksjon og evne til karbonlagring, karbonopptak eller oppretthalding av naturleg vassbalanse. Ved utarbeiding av planframlegg eller søknad om tiltak som kan påverke slike areal, skal alternative løysingar vurderast, og konsekvensane av inngrepet skal greiast ut. Det skal gjennomførast detaljert kartlegging av myr på reguleringsplannivå, og identifiserte område skal sikrast gjennom omsynssoner og tilhøyrande føresegner i reguleringsplan.
- e) Inngrep i myr og andre typar våtmark skal unngåast så langt som mogleg, slik at areala si evne til lagring og opptak av karbon og flaumdemping blir oppretthalden. I planforslag eller søknad om tiltak som medfører inngrep i slike areal, skal alternativ vurderast og konsekvensar skal utgreiast.

Framlegg til revidert kulepunkt nr 4 i pkt 1.18:

- Kartlegging av naturmangfald, myr og våtmarksområde dersom dette ikkje er tilfredsstillande kartlagt frå før.

Kommentar til FTU4 Haukeliseter:


I framlegg til ny KPA er Haukeliseter lagt inn som fritids- og turistføremål. Statsforvaltaren har motsegn til det av omsyn til villreinen. Statsforvaltaren har i sitt brev skissert fylgjande løysing for å løyse motsegna:

Motsegna kan løysast ved at føresegna til FTU4 blir innskjerpa, slik at det ikkje blir opna for utviding av overnattingstilbod eller andre tiltak eller aktivitetar som kan påverke villreinen og deira trekkområder negativt ut over den drifta som er der i dag. Føresegna bør bli vurdert i lys av forslag til tiltaksplanar for villrein og forslag til føresegner for arealdelen i områder som er avsett til LNF2-formål.


Område FTU4 ligg innanfor reguleringsplan 20160004 E134 Vågslid – fylkesgrensa. Der er området regulert til fritids- og turistføremål. Kommunen har diskutert ulike løysingar for å løyse motsegna på. Å leggje inn ei føresegn om ei avgrensing i kapasiteten på overnatting var diskutert allereie i administrasjonens arbeid med å lage framlegg til KPA til fyrste gongs handsaming (sjå referat frå arbeidsmøte med villreinnemd og villreinsenter som ligg vedlagt, tema om overnatting på Haukeliseter er ikkje direkte referert i dokumentet, men var også eit tema som vart teke opp i møtet). Administrasjonen valte av ulike årsakar å ikkje inkludere eit krav om maks overnattingskapasitet på Haukeliseter men å lage andre føringar som me meiner tar betre vare på villreinene i fyrste omgang.

For å løyse motsegna vert FTU4 teke ut av plankartet og området vert lagt inn som LNF2.

Revidert plankart v/Haukeliseter:



Plankart på høring, v/Haukeliseter:



Føresegnene pkt 5.2 seier fylgjande om LNF2 føremålet:

5.2. LNF-område med særskilte villreininteresser (LNF2) (§ 11-11 nr. 1 og 6)

- a) Nye turisthytter eller andre overnattingstilbod skal ikkje etablerast innanfor området. Etablerte turisthytter kan moderniserast, men ikkje auke overnattingskapasitet.
- b) Nye bustader og fritidsbustader og framføring av veg, vatn og avløp til eksisterande fritidsbustader er ikkje tillate.
- c) Maksimal BYA for hovudbygg er 35 m², og for uthus/bod 10 m². Maksimal mønehøgde for hovudbygg er 4,5 m og for uthus/bod 3,5 m målt frå gjennomsnittleg opphavleg terreng. Uthus/bod kan ikkje byggast saman med hovudhytte. Det er ikkje tillate med oppstoge.
- d) Ved søknad om tiltak innanfor området skal omsynet til villreinen vektast særleg. Lokalisering av nye tiltak skal skje etter vurderingar basert på oppdatert kunnskap om villrein.
- e) Etablering av nye vegar og opprusting av vegar som aukar høvet for køyring og anna ferdsel er ikkje tillate. Opprusting av eksisterande vegar og sleper er berre tillate dersom målet er å hindre terrengslitasje eller for å forbetre veg/slepe til tidlegare standard.
- f) Etablering av nye sti- og løypetraséar er ikkje tillate. Omlegging av eksisterande traséar kan tillatast dersom dette fører til ei betring for villrein og/eller andre naturomsyn.
- h) Eksisterande vegar, med unntak av E134 og rv. 9, skal haldast stengt for motorisert ferdsel fram til 15.06. Forbodet gjeld ikkje trafikk i samband med stadbunden næring i perioden 01.06 - 15.06.

Kommunen meiner at ved å leggje Haukeliseter inn som LNF2 – så vil ein etterkoma motsegna til statsforvaltaren på dette punktet.

Konklusjon:

Vinje kommune håpar at motsegna frå Statsforvaltaren på nemnde områder kan trekkast på bakgrunn av løysingane som er skissert over. Ta gjerne kontakt dersom det er behov for nærare avklaringar eller om de har spørsmål.

Med helsing

Turid Opsund

rådgjevar plan

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Vedlegg

- 1 KPA - Justering av plandokument i høve myr og våtmark
- 2 Referat møte om villrein og KPA 13.11.24

Mottakarar:

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK

Kopi til:

TELEMARK FYLKESKOMMUNE